

Samandrag

Forslaget til strategi for ÅRIM baserer seg på avfallsdata frå 2015. Etter at tala for 2016 no er klare, har ÅRIM gjennomgått og oppdatert grunnlaget for kva som kan forventast av meir materialgjenvinning for perioden fram til 2020. Dagens avfallsmengder er relativt stabile, det er små endringar frå år til år. Utviklinga i avfallsmengder heng saman med innbyggjartal og handlemønster; endringar skjer relativt langsamt. Dette er bakgrunnen for at ÅRIM finn det forsvarleg å leggje dagens avfallsdata til grunn for perioden til og med 2020. Når det gjeld utviklinga etter 2020 er dette drøfta i eit eige notat.

Med dagens avfallsmengder blir potensialet for auka materialgjenvinning og gjenbruk i 2020 vurdert slik:

Frå gjenvinningsstasjonar

Material	Endring per innbyggjar	Konsekvens
Miljøfarleg avfall	+ 4 kg	Mindre til energigjenvinning, meir avfall til rett behandling.
Plast frå gjenvinningsstasjon	+ 3 kg	Mindre til energigjenvinning og deponi, meir til materialgjenvinning.
Produkt til ombruk	+ 1 kg	Mindre til energigjenvinning, meir til materialgjenvinning.
Gips	+ 4 kg	Mindre til deponi, meir til materialgjenvinning.
Brennbart avfall	- 4 kg	Mindre til energigjenvinning
Ikkje-brennbart avfall	- 3 kg	Mindre til deponi

Avfall frå innsamlingsordningar

Material	Endring per innbyggjar	Konsekvens
Utsortert matavfall	+ 50 kg	
Plastemballasje	+ 3 kg	Mindre til energigjenvinning.
Glas- og metallemballasje	+ 4 kg	Mindre til energigjenvinning, minimal konsekvens for gjenvinning frå aske.
Tekstil	+ 3 kg	
Restavfall	- 62 kg	Mindre til energigjenvinning

Avfall levert energigjenvinning

Material	Endring per innbyggjar	Konsekvens
Utsortert metall	+ 7 kg	Meir til materialgjenvinning.


Målet til ÅRIM er at 50 % av avfallet skal sorterast ut til materialgjenvinning og gjenbruk. I 2016 hadde ÅRIM ein gjenvinningsgrad på 31 %. Med dei foreslåtte tiltaka vil det vere mogleg å oppnå ein gjenvinningsgrad på 50 %.

Avfall levert gjenvinningsstasjon

Avfall levert til gjenvinningsstasjon utgjør nesten 40 prosent av avfallet ÅRIM får inn, til saman litt over 17 000 tonn, eller om lag 140 kg per innbyggjar. På gjenvinningsstasjonane sorterer kundane sjølve avfallet.


Fordelinga av avfallet i 2016 var slik:

Avfall levert gjenvinningsstasjonar - 2016



Avfallet blir sendt til ulike behandlingsløysingar. I 2016 blei dette avfallet behandla slik:

Behandling av avfall frå gjenvinningsstasjonar - 2016




Dekk

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg om lag 50 – 60 tonn dekk, dette tilsvarar om lag 0,45 kg per innbyggjar. Dekka går til Dekkretur, produsentansvarsselskapet for dekk, for vidare behandling. Felgar går til metallgjenvinning. I hovudtala for ÅRIM blir den totale mengden dekk rapportert som «utsortert for materialgjenvinning». ÅRIM har etablert løysingar for mottak av dekk på alle gjenvinningsstasjonar. Det er ikkje rekna med endringar i utsorterte mengdar i perioden 2017 – 2020.

Miljøfarleg avfall

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg i overkant av 2 000 tonn miljøfarleg avfall, tilsvarande litt under 20 kg per innbyggjar per år. Mengdene miljøfarleg avfall som oppstår er relativt stabile; sjølv om det skjer endringar i samansetninga. Det miljøfarlege avfallet ÅRIM mottok var i 2016 fordelt slik:



Avfallsanalyser av innsamla restavfall og av brennbart avfall frå gjenvinningsstasjonar viser at det kan vere så mykje som 10 kg miljøfarleg avfall per innbyggjar som årleg blir feilsortert; det meste av dette er småelektro. Som ein del av strategien legg ÅRIM opp til å auke informasjonen om miljøfarleg avfall, samt å gi alle innbyggjarar ein Rød boks for oppsamling av miljøfarleg avfall. Røynslene frå andre selskap som har gjennomført slike tiltak, er at det i perioden 2017 – 2020 bør vere mogleg å auke utsorterte mengder miljøfarleg avfall med 4 kg.

Hageavfall

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg i overkant av 2 500 tonn hageavfall, tilsvarande om lag 25 kg per innbyggjar. Dette går til materialgjenvinning i dag. Det blir ikkje vurdert som realistisk å rekne med vesentlege endringar i perioden 2017 – 2020.

Metall frå gjenvinningsstasjon

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg i overkant av 1 500 tonn metall, tilsvarande om lag 12 kg per innbyggjar. Dette går til materialgjenvinning i dag. Det blir ikkje vurdert som realistisk å rekne med vesentlege endringar i perioden 2017 – 2020.

Overflatebehandla trevirke

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg i overkant av 4 000 tonn overflatebehandla trevirke, tilsvarande i overkant av 35 kg per innbyggjar. Dette går til energigjenvinning i dag. Det blir vurdert som lite aktuelt å levere dette til materialgjenvinning. Det har vore vurdert om meir trevirke kan sorterast ut som ubehandla trevirke og materialgjenvinnast saman med hageavfall. Det blir vurdert som krevjande å oppnå vesentlege endringar på feltet i perioden 2017 – 2020.

Papp frå gjenvinningsstasjon

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg i underkant av 300 tonn papp, tilsvarande om lag 2,5 kg per innbyggjar. Dette går til materialgjenvinning i dag. Det blir ikkje vurdert som realistisk å rekne med vesentlege endringar i perioden 2017 – 2020.

Plast frå gjenvinningsstasjon

Innbyggjarane i ÅRIM har i 2015 og 2016 levert om lag 80 tonn plast til materialgjenvinning, tilsvarande 0,6 kg per innbyggjar. I samband med at tilbodet blir vidareutvikla, først og fremst ved at ÅRIM innfører utvida mottak av plast på Bingsa gjenvinningsstasjon i 2017, vurderer ÅRIM det som mogleg å auke gjenvinninga med 2 – 3 kg per innbyggjar innan 2020.

Produkt til ombruk

I 2015 og 2016 har det blitt etablert løysingar for levering av produkt til ombruk på nokre av gjenvinningsstasjonane til ÅRIM. Førebels har dette lågt omfang, det blir berre levert om lag 2 tonn årleg. I samband med at tilbodet blir utvida til å gjelde også for Bingsa gjenvinningsstasjon, vurderer ÅRIM det som mogleg å auke mengdene monaleg, innan 2020 kanskje med så mykje som 1 kg per innbyggjar.

Ubehandla trevirke

På ein gjenvinningsstasjon har det i 2016 vore utsortering av ubehandla trevirke. Dette blir nytta til biobrensel i eit lokalt flisfyringsanlegg. Det har vore vurdert om meir trevirke kan sorterast ut som ubehandla trevirke og materialgjenvinnast saman med hageavfall. Det blir vurdert som krevjande å oppnå vesentlege endringar på feltet i perioden 2017 – 2020.

Gips

Innbyggjarane i ÅRIM leverte nesten 350 tonn gips, tilsvarande nesten 3 kg per innbyggjar, i 2016. Mengdene er aukande. Det er ikkje alle gjenvinningsstasjonane som har utsortering av gips som eigen materialtype. Gipsen går til deponi. Generelt aukar mengden gipsavfall i samfunnet. ÅRIM vurderer å innføre utsortering av gips frå fleire gjenvinningsstasjonar. Parallelt vurderer ÅRIM også om gipsen bør sendast til materialgjenvinning; her er tilgjengelege løysingar, men det krev nokre lokale tilpassingar. ÅRIM ser det som realistisk å auke materialgjenvinninga av gips med 4 kg per innbyggjar innan 2020.

Brennbart avfall

Innbyggjarane i Ålesundregionen leverer årleg om lag 3 000 tonn brennbart avfall, dette tilsvarar om lag 30 kg per innbyggjar per år. Dette er det som blir til overs etter at andre gjenvinnbare avfallstyper er utsortert. Det at denne avfallstypen er ein «restfraksjon» gjer at det er vanskeleg å framskrive mengdene etter gjennomføring av andre tiltak.

Det blir for tida gjennomført ei overordna vurdering av potensialet for gjenvinning av materialer frå brennbart avfall frå gjenvinningsstasjonane. Førebels resultat tilseier følgjande samansetning:

Materialtype	Kg per innbyggjar per år	Anslått tonn per år
Trevirke	2,8	290
Papir, papp, kartong	2,3	230
Tekstilar	2,3	230
Plast	1	100
Metall	0,5	45

Andre gjenvinnbare materialar	1,5	170
Rest som ikkje kan materialgjenvinnast	19	1 900

I og med at det er lite truleg at trevirke kan nyttast til materialgjenvinning innan 2020, er det teoretiske potensialet for auka materialgjenvinning truleg i underkant av 800 tonn eller om lag 7,5 kg per innbyggjar.

Kunnskapsgrunnlaget er ikkje tilstrekkeleg til å vurdere kor robuste desse tala er, verken når det gjeld det som er definert som innhaldet av gjenvinnbare materialar eller når det gjeld vurdering av den resten som er angitt over. ÅRIM vil i tida framover arbeide for å få betre kunnskap på feltet. Det må gjennomførast relativt avanserte tiltak dersom dette avfallet skal ettersorterast; vurdering av potensial og aktuelle tiltak inngår i forslaget til strategi for ÅRIM.


Ikke-brennbart avfall

Innbyggjarane i ÅRIM leverte i overkant av 1 200 tonn ikkje-brennbart avfall i 2016, tilsvarande om lag 10 kg per innbyggjar. Det er ikkje gjennomført systematiske analyser av dette avfallet, men det er kjent at avfallet innehalder både gips og plast som i større grad kunne vore sortert ut til materialgjenvinning.

Avfall frå innsamlingsordningar

Innsamla avfall utgjør om lag 60 prosent av avfallet ÅRIM får inn, når avfallet frå returpunkta er inkludert. Til saman blir det samla inn om lag 26 000 tonn, eller litt over 250 kg per innbyggjar.

Fordelinga av avfallet i 2016 var slik:



Avfallet blir sendt til ulike behandlingsløysingar.

Glas- og metallemballasje

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg nesten 1 000 tonn glas- og metallemballasje, tilsvarande om lag 9,5 kg per innbyggjar, til returpunkt. Dette går til materialgjenvinning i dag.

Analyser av innsamla restavfall viser at om lag 800 tonn glas- og metallemballasje, eller nesten 8 kg per innbyggjar, blir feilsortert.

ÅRIM har i strategien foreslått å innføre ei eiga henteordning for glas- og metallemballasje. Basert på røynslene frå nokre av dei andre selskapa som har innført slik henteordning, vil dette føre til ein auke i mengden glas- og metallemballasje til materialgjenvinning på om lag 4 kg per innbyggjar.

Tekstil

Innbyggjarane i Ålesundregionen leverer årleg no over 500 tonn tekstil til ombruk, tilsvarande litt over 5 kg per innbyggjar, talet har auka jamt. Tekstilane blir leverte på returpunkt. Det har vore ei utviding av tilbodet, og det er stadig auka merksemd om gjenbruk av tekstil. Basert på resultat i andre regionar bør det vere mogleg å få ut 2 – 3 kg meir tekstil i 2020.

Innsamla papir, papp og drikkekartong

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg om lag 4 500 papp, papir og drikkekartong, tilsvarande i overkant av 40 kg per innbyggjar. Mengdene er stabile, ein nedgang i mengden avisapir har så langt blitt kompensert med ein auke i andre papirprodukt. Dette går til materialgjenvinning i dag. Det er ikkje grunnlag for å rekne med at mengdene innsamla papir, papp og drikkekartong vil auke i perioden fram til 2020.

Innsamla plastemballasje

Innbyggjarane i ÅRIM leverer årleg om lag 500 tonn plastemballasje, tilsvarane om lag 5 kg per innbyggjar. Mengdene er svakt aukande. ÅRIM gjennomfører tiltak som bør kunne gi ein auke. Dei selskapa i landet som har best resultat ligg på om lag det dobbelte av ÅRIM; det vil likevel bli krevjande for ÅRIM å oppnå ein auke på 5 kg innan 2020. Ytterlegare redusert hentefrekvens på restavfall er truleg det mest effektive tiltaket, dette vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre før seint i 2019. Vurderinga av potensial innan 2020 bør difor truleg justerast ned til 3 kg.

Innsamla restavfall

Innbyggjarane i ÅRIM leverer i snitt mellom 185 og 190 kg restavfall årleg per person, tilsvarande nesten 20 000 tonn årleg. Dei tiltaka ÅRIM foreslår i strategien, både i form av utvida kjeldesortering og redusert hentefrekvens vil ha som effekt at mengdene innsamla restavfall blir redusert.

Matavfall

ÅRIM samlar ikkje inn matavfall separat i dag. Dei avfallsanalysene som er gjennomførte av innsamla restavfall, viser at i 50 – 55 % består av matavfall og anna organisk materiale, tilsvarande om lag 100 kg per innbyggjar per år eller om lag 10 000 tonn. Andelen har vore stabil over tid.

Dei selskapa i vår region som har innført innsamling av matavfall i eigen dunk oppnår gode resultat; RIR (Romsdal) samla i 2015 inn 81,6 kg matavfall per innbyggjar, tilsvarande tal for NOMIL er over 70 kg. I strategien for ÅRIM er det lagt til grunn at det bør vere mogleg å nå 50 kg utsortert mat i løpet av 2020. Dette er ambisiøst, men mogleg.

Avfall levert energigjenvinning

Askerest

ÅRIM leverte i 2016 nesten 25 000 tonn avfall til Tafjord Kraftvarme årleg, tilsvarande om lag 215 kg per innbyggjar. Innføring av tiltaka i strategien kan forventast å gi ein reduksjon i leverte mengder på til saman.

Energiutnyttinga gir ein askemengde på om lag 4 000 tonn (botnaske). Denne aska blir ettersortert og metall blir tatt ut og sendt til materialgjenvinning. Med dei foreslåtte endringane i rammedirektivet vil denne prosessen bli «godskrive» ÅRIM som materialgjenvinning. Ut frå gjennomførte avfallsanalyser vil restavfallet frå ÅRIM, etter innføring av nye kjeldesorteringsløysingar, innehalde om lag 7 kg metall per innbyggjar.

Dersom ÅRIM velger å ikkje innføre eiga henteordning for glas- og metallemballasje, vil dette kunne auke utvinning av metall frå botnaska med ytterlegare om lag 0,3 – 0,4 kg, men totalt sett redusere mengden avfall til materialgjenvinning med 3 - 4 kg per år mot foreslått løysing.

Utnytting av mineralske restprodukt frå askesorteringa til fyllmasser eller vegbygging på deponi vil ikkje kunne godskrivast som materialgjenvinning, verken med dagens regelverk eller med dei foreslåtte endringane i det europeiske avfallsregelverket.